

# Kulturhistorisk synfaring

Konsesjonssøknad- Gjerstadvossen kraftverk – Osterøy kommune

2017



## **1. Innledning**

I samband med konsesjonssøknad for Gjerstadvossen kraftverk i Osterøy kommune, har Fylkeskonservatoren ved Hordaland fylkeskommune gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i det aktuelle området. Området vart synfare med tanke på synlege kulturminne. Synfaringa blei gjennomført 29. mars 2017 av Lars Øyvind Birkenes og Silje Foyen.


## **2. Kulturminne og kulturmiljø - nokre sentrale omgrep**

*Kulturminne* er konkrete spor etter menneske som levde før oss. Dei omfattar òg stader det er knytt historiske hendingar, tru eller tradisjonar til, jf. kulturminneloven § 2, 1. ledd. Kulturminne kan til dømes vere hus, gravhaugar, tufter, båtar og vegar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid.

Med *kulturmiljø* er meint eit område der kulturminne er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Kulturmiljø kan til dømes vere ein bydel, eit gardstun med landskapet ikring, eit fiskevær eller eit industriområde med fabrikkar og bustader, jf. kulturminneloven § 2, 2. ledd.

Eit stort tal med verdifulle kulturminne er freda. Gjennom kulturminneloven er kulturminne frå oldtid og mellomalder (inntil år 1537), ståande bygningar eldre enn 1650 og samiske kulturminne eldre enn 100 år automatisk freda. Lova inneheld òg eigne lovføresegner om vern av skipsfunn. Kulturminneloven § 4 inneheld ei liste av ulike typar kulturminne som er automatisk freda. I kulturminneforvaltninga vert det også ofte skilt mellom automatisk freda kulturminne, også kalla fornminne og nyare tids kulturminne.






Figur 1. Gjerstad i Osterøy kommune



### 3. Kjende kulturminne på Gjerstad

Gjerstad har truleg vore ein sentralgard på Osterøy i jernalder og mellomalder. Kyrkjestaden går attende til mellomalderen, og mellomalderkyrkjegarden ligg søraust for dagens kyrkje (Askeladden id. nr. 84257)



Figur 2. Oversikt over automatisk freda kulturminne på Gjerstad

På terrassar nordaust og søraust for flata der tuna og kyrkja ligg er det to gravfelt. Det sørlegaste ligg på Grønbakkjen, og består av fem gravrøyser (Askeladden id. 111237, 111239, 111240, 15830 og 45496). På Vellane er det fem gravrøyser (Askeladden id. 15829, 35910 og 66440).

Rett aust for kyrkja står ein bauta til minne om Napoleonskrigane oppå ein rest av ein gravhaug som går under namnet Bautahaugen. I denne gravhaugen er det funne ein spyd frå vikingtid (B 2642).

Ved den nedlagte gamleheimen, no like ved Osterøy museum sitt område, vart det i 1916

funne ei flatmarksgrav utan oldsaker. Det gamle klyngetunet på Gjerstad har lege på ei terrasseflate-rett søraust for kyrkja. Dette tyder på at tunplasseringa kan gå langt attende i tid.

Sør for Gjerstad mellomalderkyrkjegard og klyngetunet er det gjort funn av busetnadsspor frå eldre jarnalder, datert til romertid og folkevandringstid ( Askeladden id. 223017, 223018, 223019). Det er funnet stolpehol, kokegroper, eldstad og to nedgravingar. Dette fortel oss at det i eldre jarnalder har vore ei busetjing her tett på kyrkjestaden. Busetnadspora her samsvarar i tid med gravfeltet på Grønbakkjen, datert til eldre jarnalder. Nordvest for Gjerstad kyrkje er det frå før påvist gamle åkerspor gjennom heile jarnalderen (Askeladden id. 135884).

#### **4. Kulturmiljøet**

Gardslandskapet på Gjerstad har eit særmerkt og godt vedlikehalde kulturmiljø med spor etter busetnad gjennom 2000 år, frå eldre jarnalder og fram til idag.

##### Gravfeltet på Grønbakkjen og Vellane

Gravfeltet på Grønbakkjen ligg på ein liten rygg søraust for kyrkjestaden og inneheld fem gravminner frå eldre jarnalder. Eit karakteristisk trekk ved gravene frå jarnalder er at dei er knytta til tunet og dei gamle vegfara. Gravminna ligg ved eit gammalt vegkryss, mot Hovdo, Hartveit og Byrkjeland. Ei mogleg holveg går gjennom gravfeltet på Grønbakkjen og ned mot elva og som truleg fortset på andre sia. Her er det restar av eit gammalt brukar over elva. Dette vegfarete kan vere særst gammalt. Planlagd røyr-gate vil gjere store fysiske inngrep tett på gravfeltet og er i konflikt med gravrøys med ID 45496. Gravrøys med ID 45496 er ei 0,5 m høg steinlegging som er ca. 10 x10 m.



Figur 3. Raud pil syner gravfelt på Grønbakkjen midt på bilete. Ei gamal holveg går frå gravfeltet og ned mot eit brukar over elva. Den gamle kyrkjevegen går nedafor dagens traktorveg.



Figur 4. Eit av gravminna på Grønbakkjen, like ved Gjerstadfossen.



Figur 5. Restar av brukar over elva, like ved gravfeltet.





Figur 6. Konflikt med gravrøys id 45496 til venstre i bilete.



Figur 7. Raud pil markerer gravrøys (id 45496)



Figur 8. Eit av dei fem gravrøysane på gravfeltet Vellane.

Høgare opp i utmarka, forbi bøgarden og vidare opp på ei hylle i landskapet, er det registrert fem gravrøysar, der den største røysa er heile 14 m i tverrmål. Området heiter Vellane og herfrå er det oppe utsyn utover bygda og mot gravfeltet på Grønbakkjen. Her møtast eldre veger frå Gjerstad, Solbjørg og Byrkjeland.

Under synfaringa i mars vart det nord for traseen funne spor etter eit anlegg for produksjon av trekol (sjå figur. 2). Den er automatisk freda med ID 228740. Kolgropa ligg på ei terrassehylle mellom gravfelta. Kolgropene er knytta til jernutvinning og smiing, og dei ligg ofte i den nære utmarka ikkje langt frå garden. Bruken av kolgroper var vanleg mellom 900 e. Kr og fram til midten av 1300-talet.


#### Nyare tids kulturminne i gardslandskapet

Under er utskiftingskart frå 1901 som er redigert av Osterøy museum. Her ser ein det gamle klyngetunet, geila, bøgarden, vårflor og kvernhus. På utskiftingskart frå 1901 kan ein tydeleg sjå geilen frå tunet, som har leda dyra ut i utmarka. Geilen har same retning som bygdevegen mot Hovdo. På kartet ser ein og bøgarden som markerer grensa mellom innmark og utmark.

Store delar av bøgarden på Gjerstad er enno intakt idag og er ein del av det gamle geilsystemet som skulle beskytte innmarka. Kor langt tilbake i tid steingardane går er vanskeleg å vurdere, men *bø* og *gard* er namn som reknast å vere frå vikingtid /mellomalder. Denne type fysiske grensemarkørar mellom inn- og utmark er antatt å ha sitt opphav i eldre jernalder. Den planlagde røyrigata kjem i konflikt



med delar av den gamle bøgarden og andre steingardar som er viktige historieforteljande element i landskapet. Desse steingardane er viktige strukturar til å forstå det gamle jordbrukslandskapet.



Figur 9. Kyrkja og det tidlegare klyngetunet frå utskiftingskart frå 1901. Bøgarden hegnar om den gamle innmarka og desse gamle steingardane er enno bevart i landskapet. Murane etter det eine kvernhuset ved elva står fortsatt på opphøveleg stad. Kart utarbeidd etter Osterøy museum.



Figur 10. Bøgard synleg på utskiftingskartet.




Figur 11. Gamal steingard som vert råka av tiltaket.





Figur 12. Steingarden er ein intakt del av bøgardsystemet og delar av den vil bli råka av planlagd tiltak.

På Gjerstad er det spor etter fleire gamle vegfar, og nokon av dei kan vere særst gamle, spesielt vegfar i tilknytning til gravrøysane. Omsøkt røyrgate er planlagt å gravast ned i delar av eit oppmura vegfar, som går frå Hovdo og ned til gravfeltet på Grønebakkjen. Røyret skal gravast ned i dei 300 første metrane av vegen frå inntaket, og vert då fjerna.



Figur 13 og 14. Røyrgate planlagt i vegfaret mellom Gjerstad og Hovdo.



Langs Gjerstadelva er det ruinar etter kvernhus og stampehus med tilhøyrande vasskanal som visar korleis vasskraft vart utnytta før i tida. Sjølv om desse kulturminna ikkje kjem i direkte konflikt med tiltaket, så vil ein med låg vassføring i elva sterkt forringe den kulturhistoriske konteksten.



Figur 15. Ruiner etter stampehus med ei vasskanal ved Gjerstadvossen




Figur 16. Murar etter eit kvernhus ved Gjerstadvossen





Figur 17. Steingardar langs Gjerstadelva



Figur 18. Kvernhus og stampehus som vart registrert ved synfaringa